



Maria Viken
Østre Strandgate 28
4610 KRISTIANSAND S

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2788 - 14/7213

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
26.03.2014

Søknad om deling - GBNR 108/5 Lindås - areal til bustad

Syner til søknad frå dykk om løyve til frådelling av tunet på gnr.108 bnr.5 med om lag 5,5da tomt rundt. Med søknaden følgjer eit brev som seier noko om bakgrunn for søknaden.

Kommunen kan ikkje sjå at det går fram av desse dokumenta kva som vidare skal skje med restareala på eigedommen dersom det vert gjeve løyve slik det er søkt om. Slik lovverket er i dag er det i grunnen greitt å dele frå tunet slik de søker om, men det er krav om at det ligg føre klare planar for korleis ein vil nytta eigedommen sine areal elles. Det er vanskeleg for kommunen å seie ja til deling dersom det fører til at det oppstår ein landbrukseigedom utan hus.

Kommunen ber difor om at de gjer greie for korleis de skal forvalte resteigedommen. Grunngeving for søknad om deling er at Maria Viken ikkje har høve til å halde ved like husa når ho bur i Kristiansand. Men areala må vere like vanskeleg å ta vare på? For å vere sikra vidare vedlikehald burde areala vore selt til nabo og nytta vidare til landbruk.

Ei løysing kan vere at og det arealet som har status som bustadområde vert delt frå, medan resten vert søkt overdrege til anna landbrukseigedom som tilleggsareal?

Handsaming av saka vert sett på vent til kommunen høyrar nærare frå dykk.

Med helsing

Arne Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Mottakarar:
Maria Viken

Østre Strandgate 4610
28

KRISTIANSAND S